

ILPOSTEN

klubbavis for
EIDSDAL
IDROTTSLAG



IMV INDREEIDE MEK. VERKSTAD A/S

Dagleg leiar Kjell Narve Indreeide.
6215 Eidsdal – **Tlf. 91 34 76 20** – post@imva.no

- ◆ Bilskade
- ◆ Sandblåsing
- ◆ Lakkering
- ◆ Tectylering
- ◆ Reservedelar
- ◆ Mekanisk reparasjon
- ◆ Dekk til alle føremål
- ◆ Bilutleige
- ◆ Formskjering av metall med vatn eller laser
- ◆ Levering av stål, aluminium og rustfritt
- ◆ Levering av El-motorar
- ◆ Bilglas, ruteskift
- ◆ Glas til bygningar
- ◆ Bildedekor og reklameskilt
- ◆ Traktorskuffer og kjettingar



Bilveksted 01



Du brettar, eg rettar!



leiaren har ordet...

Ja eg sit her og undrar meg i år igjen på kva eg skal skrive. Ei lita oppsummering av året som gjekk. Året eg føler vi ikkje har kome nokon veg. Eg skreiv i Ilposten 2018 om spelemiddelsøknader på utbetring av langrennstrasear og speakerbod/garasje/lager på idrettsbana. Langrennstraseane har så langt ikkje fått prioritet i løvvande organ, men speakerboda har fått lovnad om kommunale midlar, men førebels ikkje spelemidlar. Vi hadde planar om å kome i gong med denne i haust, men av ulike årsaker er dette no utsett til våren. Mest grunna sommel og lite gjennomføringskraft av underteikna. Vi har også hatt vurderingar omkring utviding av galleriet i gymsalen, for å få plass til eit par treningsapparat. Vi har ikkje fått på plass ekstern finansiering i vesentleg grad til dette prosjektet, så det er førebels i «tenkeboksen».

Elles er vi i ein prosess med kretsen der vi skal prøve å sjå litt nærare på klubbutvikling. Starten på dette var eit tre-timars kurs i november med fokus på styrearbeid. Så har vi også ein ambisjon om å samle så mykje som mogeleg av medlemsmassen til eit drøftingsmøte. Der vil vi sjå på ulike sider ved lagets drift framover. Kva skal vi satse på, kva ambisjonar skal vi ha, korleis rekruttere nye tillitsvalte og nye trenarar osv. osv. Det er mange utfordringar og sikkert mange meiningar om mykje. Vårt håp er at mange kan sette av tid til å delta i desse prosessane, slik at vi kan finne dei løysingane som gir ei overkomeleg oppgåve for våre tillitsvalte, og eit tenleg trim, trenings og konkurranse tilbod til våre medlemmer.

Det komande året er Eidsdal IL sitt store jubileumsår. 100 år skal feirast med ulike arrangement gjennom heile året. Jubileumsfest tek vi siktet på å arrangere til hausten. Dato og innhald er ikkje bestemt, men vi lyt tru at vi får til eit godt program, god mat og kanskje ein svingom ut på kvelden.

Til slutt vil eg takke alle bidragsytarar for året som gjekk og håper på ekstra god oppslutning om arrangementa våre i jubileumsåret. Både utøvarar, funksjonærar og publikum er hjarteleg velkomne!

Ha ei retteleg god jul og eit knakandes godt nytt år!

*Med beste helsing
Jon Kåre Løvoll*



Jubileumsåret 2020

Av: Merete Løvoll Rønneberg

Komande år rundar Eidsdal IL 100 år. Det skjer formelt 1. oktober, men vi planlegg eit skikkeleg jubileumsår der vi retteleg vil markere. Ikkje minst håper vi å få endå fleire med oss på aktivitetane våre.

Særskilt for året er nokre jubileumsarrangement. Desse vil vere knytt til aktivitetane i kvar einskilt av gruppene våre, og alle som deltek i arrangementa får tildelt ein eigen jubileumsmedalje.

Jubileumsskirenn – lagsrennet på skjærtorsdag

Lagsrennet i påska er det arrangementet som har lengst tradisjonar i Eidsdal IL, truleg i heile bygda. I skrivande stund veit eg ikkje kor lenge dette rennet har vore lagt til nett denne dagen, men frå lenge før eg sjølv byrja å gå skirenn, var skjærtorsdag renndagen då lokale heltar målte kreftene og avgjorde kven som var bygdas beste løpar dette året. Dermed kan eg trygt seie at rennet på skjærtorsdag har eksistert i over 50 år!

I fleire år i nyare tid har vi hatt som mål å komme over 100 deltakrar. Det har vore tett på, men vi har ikkje lukkast. Men i 2020 må vi vel klare det? Utfordringa er gitt – start treninga og still på (eller start utan trening, men det er no kjekkare med nokre kilometer i bein og armar som eit grunnlag).

Ei særskilt utfordring

Eg har no vore skitrenar i Eidsdal sidan 1984. Nesten utan opphold. Jon Kåre har litt færre år, men saman har vi hatt temmeleg mange kjekke, lovande born og ungdommer på skileik og treningar. No utfordrar vi samtlege av dykk til å leite fram skiene og stille opp på jubileumsrennet i påska! De treng ikkje å gå med tadtaking, men vi håper å sjå dykk med startnummer på brystet. 

**Bygdefolk og gjestar:
Bli med og skap tidens beste lagsrenn i jubileumsåret!**



Eidsdal IL 100 år

Grendastafett

I 2020 prøver vi på att med ein uhøgtidleg grendstafett. Utradisjonelle greiner der vi får prøvd oss på øvingar vi kanskje ikkje har testa før? Meir informasjon kjem til våren/sommaren.

Fellestur til fjells

Ved 100-års markeringa må vi sjølvsgagt ha ein jubileumstur. Fellesturane har hatt varierande oppslutting, men kanskje vert det året for eit oppsving no?

Jubileumsstemne i friidrett

Det er framleis lenge til sommarsesongen og vi kan snøre på joggeskoa. Men vi har så vidt byrja snakke om eit eige stemne, og det er ikkje meir enn rett og rimeleg med eit så flott anlegg som Langereiten stadion.

Romjulssprettens 2020

Neste år vert det 5.året vi arrangerer romjulssprettens. Eit minijubileum, og det er den yngste av gruppene i EIL som står som arrangør; sykkel- og volleyballgruppa. Det passar godt å avslutte jubileringa like før året ebbar ut.

Meir informasjon kjem sjølvsgagt etter kvart som dei ulike arrangementa nærmar seg.

Gjærdeløneset Hytter

6215 Eidsdal | **Tlf. 99 74 88 38** | arildeide@broadpark.no





HOTEL UNION™

GEIRANGER • 1891 • FAM MJELVA

6216 Geiranger, Norway

Tel.: +47 70 26 83 00

geiranger@hotelunion.no

www.hotelunion.no



GEIRANGER

Tlf. 70263033

joker.geiranger@joker.no

www.joker.no

- støtter lokal idrett og aktivitet



Utkast til årsmelding 2019 frå skigruppa

Færre på startstreken – og dei gamle er eldst...

Den siste sesongen har skigruppa vore samansett slik:

Leiar/skrivar: Merete Løvoll Rønneberg

Nestleiar: Jan Trygve Veiberg

Styremedlem: Frode Rønneberg

Styremedlem: Sigurd Rønneberg

Styremedlem: Daniel Tafjord

Frå 1/5-19 gjekk Daniel Tafjord ut av gruppa og Kristina Marie Løvoll kom inn.

Hausten 2018 og vinteren 2019

Skileik og treningar

Vinteren 2019 hadde Merete ansvaret for skileiken på torsdagar. Jon Kåre hadde skitreningane, med Kari og Frode som god «stand in» og hjelpetrenarar. Tysdagane hadde Jon Kåre og Merete trening saman for alle frå 3. klasse og oppover.

På skileiken merkast det at barnekulla har blitt mindre, men ein trufast gjeng har møtt opp til kjekk leik, og det er positivt at vi har hatt med folk frå alle tre bygdene på sørsida av Norddalsfjorden.

Frammøtet på skitreningane har vore jamt bra. Vi er inne i ein tidsepoke med mange guitar i kulla, så jentene har litt å bryne seg på! Flott innsats på treningane av alle, og ein flott gjeng å vere saman med!

Skirenn

Telenor ENG-cup

Det vart arrangert fem stemne i ENG-cupen. Av desse stod EIL for tre:

Nisserenn/0-løp, teamsprint skicross, og eit renn over normaldistansen som også var klubbmeisterskap i fristil. Dette siste rennet var òg merkerenn for norsk





Frå barnerennet før Sonestafetten. Foto: Merete Løvoll Rønneberg.

Får du aldri napp?
Prøv i Eidsvatnet!

Fiskekortsesong
1. juni – 1. september
Grunneigarlaget

skimerke, og det var klubbmesterskap i fristil for både EIL, NIL og GIL. Totalt deltok 60 personar i ENG-cupen. Dette er ein nedgang på 11 personar frå året før, og 25 færre enn i 2017, - som var det beste deltakaråret i nyare tid. Særskilt for 2019 var at svært mange deltok i berre eitt renn. Komande sesong har EIL 100-års jubileum, og då håper vi på å kunne heve deltakartalet på nytt (trass i at folketalet i bygdene våre diverre går ned).

Turrenn

Frode Rønneberg og Ole Jakob Rønneberg deltok i Birkebeinarrennet. Ole Jakob for fyrste gong, Frode for 10. gong. Resultata vil ikkje jubilanten snakke om. Jon Kåre Løvoll deltok berre i Skardilten. Der vart han nummer 5 i klassa si (18 løparar). Ikkje så verst, men sjølve løpet meiner han var elendig. Året før deltok han i 4 turrenn.

Krinsrenn

I 2019 valde vi å ikkje arrangere noko krinsrenn. Det er tungt å drage løparar til utkanten i skikrinsen, og ekstra tungt vert det når vi ikkje sjølve har løparar som konkurrerer på krinsnivå. Vi har heller ikkje søkt om krinsrenn i 2020.

Sonerenn

Merete var klubben sin representant i sonearbeidet. Det vart arrangert fire av fem planlagde renn i sona. Rennet i Liabygda vart avlyst grunna svært dårlige værmeldingar.

Etter at vi avlyste sonestafetten året før (dårleg påmelding frå naboklubbane), prøvde vi oss i år med ein teamsprint med langrennscross. Det vart ikkje veldig god deltaking, men «midt på treet». I barneklassene greidde ikkje våre løparar å hamle opp med jentelaget frå Valldal IL, som var raskast av dei yngste. Ingvar Rønneberg gjekk saman med Sine W. Schreijer (Stranda), og dei tok 3. plassen. 13 barnelag deltok.

I sonestafetten hadde vi miksa jenter og gutter på same lag, og tilsvarande i klassen 13 år og eldre. I eldste klasse vart det to gutter/herrar frå Valldal som gjekk til topps. Eit lag frå Emblem vart nummer to, og på tredje plass fekk vi Else Ragni Yttredal (NIL) og Lars Iver Rønneberg (EIL). 10 vaksnelag deltok.



Kanskje er det mest positive med sonestafetten at vi lukkast med å få med foreldre og løparar som ikkje trenar særskilt for langrenn. Dette er positivt, og noko vi må ta vare på. Kanskje skulle vi senka «sjølvhøgtidelegheita» endå meir, fleire av oss, - og ta turen over fjorden og delta i fleire sonerenn? Vår oppmoding for jubileumsåret er fleire vaksne i løypene – og svært gjerne med startnummer.

Klubbmeisterskap

I år vart det veteranane Jon Kåre Løvoll og Merete Løvoll Rønneberg som tok si-grane i både klubbmeisterskapen i fristil og lagsrennet på skjertorsdag. Vi får håpe fleire spissar forma til lagsrennet i 2020, for det vert òg jubileumsrenn for EIL.

I lagsrennet er deltakinga svært god, men det er no fleire løparar i gjesteklassene enn i klubbmeisterskapen for EIL. For mange har det blitt ein tradisjon å komme til bygda og gå skirenn på skjertorsdag, og det er ikkje til å kome bort frå at alle dei tilreisande bidreg til å setje ei flott ramme kring skirennet! Så får vi håpe eidsdølene trimmar jamt utover vinteren og tek attende hegemoniet i vårt eige lagsrenn komande sesong!

Kostymeskirenn

Kostymeskirennet måtte vi i år leggje til Korsmyra, og deltakinga vart diverre re-



God deltaking på lagsrennet 2019. Foto: Meret Løvoll Rønneberg.

kordlåg. Kanskje skuldast det at folk valde topptur denne dagen, eller kanskje var det kollisjonar med andre ting? Elles er det ikkje det same å arrangere på Korsmyra som å fråtse i fasilitetane på Løvoll, med både kiosk, varmestove og toalett. All honnør til dei som stilte – i fantasifulle og flotte kostyme – som vanleg!

Kom-i-lag-dag på skeiseisen på Kilstivatnet

No i november arrangere vi spontant ein dag på skeiseisen på Kilstivatnet. Etter ei vike med glimrande is, la det seg eit ørlite lag med nysnø, men for dei fleste vart dette berre fin styresnø, og vi fekk ein strålande aktivitetsdag i solskin. Små og store dukka opp, og totalt sett trur eg kring hundre personar var innom. Mange godord for eit enkelt tiltak!

Andre tiltak

SKIMERKETAKING: To av renna i sesongen er merkerenn for Norsk Skimerke. Norsk skimerke er eit nasjonalt mosjonstiltak for skiidretten, og det har eksistert i «alle dei år». Her må ein gå ein bestemt distanse innanfor ei viss maksimumstid. Tida varierer med distanse og kjønn. Ein kan prøve så mange gongar ein vil kvart år, men uansett er det berre mogleg å få godkjent ei prøve per år. Såleis tek det mange år for å samle dei ulike utmerkingane. Skimerket kan vere ei

Flotte premievinnarar på årets kostyme-skirenn. Foto: Meret Løvoll Rønneberg.





**PROSESS
INDUSTRI AS**

UTSTYR OG PRODUKTER FOR FISKE- OG NÆRINGSmiddelinDUSTRIEN

www.prosessindustri.no

TLF: +47 70 10 30 40



Mekonomen

Godkjent karosseri-
og bilverkstad. Bilutleige.
Bergingsbil, tlf. 90 64 62 80.
Vaskehall | Bensinstasjon

**VALLDAL
BILSENTER AS**
Tlf. 70 25 77 06 • Bergingsbil, tlf. 90 64 62 80

Rempro

SPAR  **VALLDAL**

Tlf. 48 08 21 01

fin motivasjonskjelde for dei som berre vil mosjonere og kanskje utfordre eigne prestasjoner litt. Her går du mot deg sjølv og klokka.

Merete fører statistikken for EIL, og det er opp til den einskilde om ein vil kjøpe utmerkingane ein klarer. Desse har nådd krava til særskilde utmerkingar etter eit visst tal år der dei har greidd merkekrava:

Edvard Birkeland (EIL):

Kari Elisabet L. Dalhus (NIL):

Jan Kåre Eide (EIL):

Bronse plaketten (10 år)

Sølvstatuetten (30 år)

Skikrusa (40 år)

Elles kan ein merke seg at i jubileumsåret som ligg framføre oss, vil Frode Rønneberg oppnå Skikrusa (50 år) dersom han greier merkekrava. Han er ein av dei som frå komande år vippar over til 60-års-klubben, og då tel kvart år med beståtte merkeprøver dobbelt.

Den som er komen lengst på merkestigen, er Leidulf Årset. Dersom han greier merkekrava i 4 år til, vil han oppnå Æresprisen for 70 år med merketaking! Vi får heie fram både han og andre!

LØYPEKØYRING: Vinteren 2019 vart ein grei vinter, der vi stort sett hadde løyper på Løvollen, men nokre treningar og skirenn måtte leggjast til Korsmyra. Det er ein god reservearena, sjølv om vi alle (og særleg økonomigruppa) er glade kvar gong vi får arrangere på Løvoll. Det vart køyrt opp løyper på Løvoll alle dagar i veka, og det vart også køyrt spor til hyttefeltet og Eide når forholda låg til rette for det. Gunnar Helge Lund, Frode Rønneberg, Eldar Kleiva og Jon Kåre Løvoll stod for løypekøyringa.

PREMIEUTDELING: Premieutdelinga for ENG-Telenorcupen legg vi til Nisserennet no i romjula. Dermed avsluttar vi den eine sesongen, og går inn i ein ny. I nokre år no har vi hatt premieutdeling på Hotel Union og kombinert dette med bading og julelunsj. Frammøtet har diverre dabba av, så i år prøver vi med ein ny variant.

Skigruppa vil takka alle gode medhjelparar for den innsatsen de gjer. Vi set pris på kvar og ein, og ikkje minst samveret og miljøet vi skaper saman. Håper endå fleire vert å sjå i løypene komande sesong!

Eidsdal 30. november 2019

Merete Løvoll Rønneberg

-leiar skigruppa-



Glimt frå sonestafetten 2019. Alle foto: Merete Løvoll Rønneberg.





Førebels årsmelding 2019 – Trim/friidrettsgruppa

Fjelldronning/Fjellkonge (sju toppar i Eidsdal)

I år kan vi gratulere heile tre stykker som har klart denne bragda:

Åshill Rønneberg, Stein Ove Bjørge og Leidulf Aarset.

HURRA!

Toppene dei då har gått på er:

Grjotet, Smogehornet, Tretindanibba, Indreeidshornet, Fremste-Skårene, Midti-Skårene og Heimste-Skårene.

Registrerast gjennom å ta bilde av seg sjølv på toppen og sende til tone_kleiva@kleivhaug.no **NB!** Send inn så fort som mogeleg etter turen.

Gjeld frå og med 1. mai 2016 og framover, sommar som vinter. -Ein kan bruke fleire år på å «sanke» toppar.

På veg mot Fremsteskorne. Foto: Merete Løvoll Rønneberg.



Fjellvandraren

– ny tittel til den som er innom alle trimpostane til EIL på ein sesong (flott krus til vinnarane)

Vinnrar i år vart: Jon Arve Løvoll, Jon Kåre Løvoll,
Kari Elisabet L. Dalhus, Tone L. Kleiva.

Fjelltrimmen

Vi har i år hatt postar på Brisesletta, Rongane, Kleivahammaren, Veibergsetra, Storhjellesetra, Laupen, Tua, Grandevatnet, Hesjedalshaugen, Møllsvatnet, Hausetsetra, Eidsheia, Svartevatnet, Solskaret, Nonshornet, Øygardssetra, Framgardssetra, Smogereset, Smogedalen, Kilstisetra, Kilstiheia, Blåhornet, Verpesdalsetra, Verpesdalen, Flåna og Ospahjellen. Totalt 3673 besøk på postane, som er ein tilbakegang frå i fjar.

Vinnrar fjelltrimmen 2019 er:

Jenter: 1. Nora Indreeide (145), 1. Olea Nustad (130), 3. Signe Nustad (90).

Gutar: 1. Jon Arve Løvoll (415), 2. Ruben Yttredal Eide (155),
3. Lars Iver Rønneerg (95).

Damer: 1. Monika M Aarset (1215), 2. Tone L Kleiva (1100),
3. Torveig Klamdal (580).

Herrar: 1. Jon Kåre Løvoll (415), 2. Frode Rønneberg (395),
3. Jan Kåre Eide (275).

Familie: 1. Fam. JK Løvoll (315) 2. Fam. Yttredal/Eide (125),
3 .Fam. JS. Indreeide (115)

Vintertrimmen

Vinnrarar for vintertrimmen 2018-2019 vart: Janne Stine Indreeide, Jon Arve Løvoll, Nina Wallin Anderson, Ida Oline Rønneberg, Åshill Rønneberg, Tone L. Kleiva. Sesongen 2019-2020 ligg vinterbøker ute på dei vanlege plassane; Brisesletta, Rongane, Laupen, Eidsheia, Framgardssetra og Kilstisetra.





1. Frå starten i barneklassene.
2. Joye og Martin i innspurten i sine etappar.
3. Veksling mellom Lars Iver og Andreas.
4. EIL sitt damelag: Pauline, Lilou, Hildegunn, Solveig og Merete.
5. EIL sitt jentelag: FV. Inga Lill, Olea, Signe, Nora og Anni.

Alle foto: Merete Løvoll Rønneberg.



Fellestur/Fjelltur

Årets fellestur vart i år arrangert søndag 21. juli og gjekk til Sledalen. Turen vart berre annonsert i terminlista og det møtte dessverre ingen, så turleiar Torveig Klamdal gjekk seg ein flott tur åleine saman med hunden sin.

I år prøvde vi å vidareførte kortare familieturar på ettermiddagstid midt i veka. Vi arrangerte to turar: Blåhornet – Kilstivatnet 13.juni (Turleiar: Terje Birkeland, 8-10 deltarar), og til Møllvatnet 22.august (Turleiar; Torveig Klamdal og Janne Stine Indreeide, 7 deltarar). Turane var lagt opp med litt info og aktivitetar undervegs. Vi vil prøve med slike turar igjen neste år og håpar på større deltaking. Desse to turane gjekk også inn som vekas tur i Fjord kommune.

Storfjordstemnet

I år vart også Storfjordstemnet arrangert som ein del av dei lokale friidretts-cupane; ENG-cup og Valldal/Liabygda-cup. Stemnet fekk ganske bra deltaking og VIL, NIL og EIL stilte med funksjonærar. Vi inviterte også andre klubbar fra Sunnmøre til stemnet som vart arrangert torsdag 29. august kl. 18. Vi gjennomførte øvingane lengde, liten ball og løp (60m, 600m og 1500m). Det var 32 barn i alderen opp til 16 år som deltok, og 3 voksne. (Ingen frå andre klubbar enn våre)

Norddalsstafetten

I år var det Norddal IL som var arrangør, og stafetten var laurdag 21.sept kl. 12.00 ved barnehagen i Norddal. Det vart litt utfordringar å få til lag –som vanleg, men til slutt stilte EIL med eitt lag i alle klassane og to lag i gateklassa. EIL vann klassane herre veteran og dame veteran. Norddal vann herre-, dame- og gateklassa, og Valldal vann jenteklassa. Dei som var der, var godt nøgde med stafetten og arrangementet.

Graving, større og
mindre oppdrag.
Septikanlegg, tomtning
og muring.

**SUNDE
ENTREPENØR AS**
Valldal • Tlf. 95 92 74 16



SYLTEMOA SANDTAK AS

BETONG - SAND - SINGEL

6211 VALLDAL

Tlf: 70 25 77 11 - 45 00 14 05

E-post: betong@syltemoasandtak.no



Selboskar & Relling

MASKIN AS

6210 Valldal - Tlf. 975 00 550/918 12 240

Jan Kåre Eide

Telefon 70 25 70 67

Mobil 951 46 088





Frå ENG-cup på Langereiten stadion. Foto: Storfjordnytt.

ENG-Cup

I år har det vore 5 ENG-cupar i trim/friidrett, inkl. Storfjordstemnet.

Trappeløp ved Verdsarven og Geiranger IL (28.mai), sykkelorientering ved Norddal IL (20.aug.) og «Idrettsbana rundt» ved Eidsdal IL (1.mai) , Storfjordstemnet (29.aug.) + 1 friidrettscup ved Eidsdal IL og Norddal IL (23.mai). Det har vore 42 stk. som har delteke på ein eller fleire av cupane våre i år, det er litt lågare deltagning enn i fjor.

Høgdehoppmadrassa, som vart øydelagt av vind og vær i fjor haust, er enno ikkje kjøpt inn, det vil verte gjort til våren. Per Arne Løvoll tek seg av dette.

Både Jonas Hesthaug og Lars Åkernes Rimereit har vore aktive representantar for EIL i mange løp denne sesongen, både innanlands og utanlands. Fleire flotte prestasjoner her, men Jonas fekk ein skade midt i sesongen og måtte ta ein pause.

Møte/styret

Vi har hatt 2 møte og handsama 13 saker dette året.

Gruppa har bestått av:

Terje Birkeland (nesteleiar), Torveig Klamdal, Janne Stine Indreeide, Inger Anne Aarset (sekretær) og Tone L. Kleiva (leiar).

Stort takk til alle som har vore med å gjere arrangementa våre til fine opplevelingar!

Tone L. Kleiva, leiar trim/friidrett.



Jubileumsbok

– Eidsdal IL 100 år

Tekst Merete Løvoll Rønneberg

Heilt sidan idrettslaget runda 75 år, har vi snakka om at historia vår burde vore samla. Laget har ikkje protokollar for åra fram til 1937 (i alle fall har vi aldri funne nokon?). Protokollar, og etter kvart Ilposten, er gode kjelder til historia vår, men mykje er ikkje å finne mellom to permar. Historia finst like gjerne i hovuda og minna til medlemmer og bygdafolk, og kanskje har nokon gamle foto som fortel om farne tider og gamle heltar i idrettslaget?

Boknemnd

Så langt har vi sett ned ei boknemnd som har byrja å drøfte emne som bør vere med i boka. Vi er samde om at dette ikkje skal vere ei bok der vi skildrar historia til laget i tradisjonell og kronologisk rekkefølgje, men vil samle saman historier som kan lesast som sjølvstendige forteljingar. Likevel har vi stor tru på at vi skal få med mykje om det som er idrettsarven vår, identiteten vår og historia vår.

Nemnda er sett saman av:

Øivind Eide
Asbjørn Eide
Britt Ingunn Maurstad
Merete Løvoll Rønneberg

Del minna dine og bidra til boka om Eidsdal IL

Vi kjem garantert til å kontakte mange om stoff til boka. Vi har òg tankar om forteljarkveldar og samankomstar der vi i fellesskap kan mimre og kanskje hjelpe kvarandre til å hugse.

Men nøl ikkje med å kontakte oss om du har noko å bidra med, anten du berre vil fortelje oss noko, ønskjer å bidra med ein tekst om noko, eller har foto å dele. Uansett vil alt vere interessant å samle no, slik at vi har det for ettertida.



Det er ikkje berre reine fakta som er interessant. Minst like spennande er det å høyre dei subjektive forteljingane om korleis det var å drive idrett i Eidsdal i «gamle dagar».

Hugsar du, eller veit du....

...noko om tida då idrettslaget vart løyst frå ungdomslaget og vart eit sjølvstendig lag? Om hoppbakkane i bygda, konkurransane der og hopparane? Om Langøyna stadion (framanfor Veiberg) og aktiviteten der (det første idrettsanlegget i Eidsdal)? Om skeiseaktiviteten på fjellvatna, trening og miljøet? Om Patchellstafetten og dei andre stafettane? Om turntreningane på ungdomshuset og dei som var med? Om oppstarten av volleyball og dei gode spelarane våre som etter kvart spelte for Valldal og nokre seinare på krinslag og i andre klubbar? Om skiidretten, som har vore den dominerande i EIL? Om anleggsutbygging – anten det har vore lysløype, idrettsbane, gamme, klubbhus eller kjøp av scooter og trakkemaskin? Eller kanskje er det andre, viktige historier DU kan dele med oss?

***Nøl ikkje, men bidra på dugnaden for å samle historia vår.
Ta kontakt med ein av oss!***

*Skeisehelten Asbjørn Eide er no i boknemnda.
Foto frå facebooksida Eidsdal – før og no.*





Håvard Gjelduen frå Rindal IL stakk frå Helge Nesse frå Fana IL i innspurten og vann Nibberittet 2019.
Foto: Storfjordnytt.

Førebels årsmelding sykkel- og volleyball gruppa 2019

Leiar: **Jan Kåre Eide**
Trenarans: **Merete L Rønneberg**
Medl: **Stein Ove Bjørge**

Vi har ikkje hatt interne møte, det heile skjer via telefon og e-post, men vi har hatt fleire felles møte med Frå-fjord-til-fjell gruppa i Geiranger.

Som tidlegare har hovedoppgåva vår vore å arrangere Nibberittet og Geiranger frå fjord til fjell, i lag med Geiranger IL.

Dette har blitt eit stort arrangement, og mykje å halde styr på, men det gir også mykje tilbake i form av opplevelingar, markedsføring av bygdene og kroner i klubbkassa. Eidsdal IL fekk i år eit overskot på omlag kr 20.000. Rekneskapen er ikkje heilt fullført enno.

Eg vil difor nytte høvet til å takke alle som hjelper til, slik at det er mogeleg å få til arrangementet.

Årets arrangement gjekk knirkefritt, utan nokon store problem.

Det var i år 279 som fullførte Nibberittet, og vinnarane vart: Ingrid Lorvik CK Viktoria på tida 1.15.33 og Håvard Gjelduen på tida 1.07.58.

For EIL sykla: Cato Steinsvåg på tida 1.10.25 (Nr 2 i si klasse og nr 9 totalt). Jon Kåre Løvoll på tida 1.37.21 og Frode Rønneberg på tida 1.51.04

Nibberittet Mini vart ikkje arrangert i år.

I Nibbeløpet var det 136 løparar som fullførte. Kilian Jornet frå Måndalen IL sette ny rekord på tida 1.26.42

I Nibbeløpet Mini var det 57 løparar som fullførte.

I Geiranger World Heritage Ultra var det 18 stk. som fullførte. Vi fekk gode tilbakemeldingar, og vil arrangere dette til neste år også. Vinnarane var: Vegard Fredheim Lillehammer på tida 6.17.53 og Anna Person Åndalsnes på Tida 7.49.15.

Cato Steinsvåg har også vore med på: Follorittet, der han vart nr.5 totalt. Vestfold rundt, der han vart nr.22, Asker Runden der han vart nr.3 totalt og Øyeren Rundt der han vart nr.9. **Sterke resultat!**



Eide Camping

Tlf. 930 49 185/70 25 97 44

pegarden@eidsvatnet.no



Hjelle Bygg

Snekker tek oppdrag på nybygg og renovering.

Karl Øyvin Hjelle | Tlf. 922 30 863



EIDSDAL

Bygdesørvis SA

Tlf. 916 99 355



Det vart også i år arrangert «Romjulssprett» i gymsalen på Eidsdal skule. På føremiddagen var det fotballturnering for 4-7 klasse. Det var 3 blanda lag som spela for å få mest mogeleg jamne lag. Her fekk alle premie.

Kl. 1200 vart det volleyballturnering med påmeldte lag. Det var 9 lag som kjempa om sigeren, og til slutt vart det Melchior klanen, med forsterkninga, som stakk av med pokalen.

Blir det fleire lag, må vi byggje på gymsalen, slik at vi kan spele fleire kampar samtidig ☺

Premieutdelinga var på Kafeen, noko som vart ei hyggeleg avslutning.

Håper på godt oppmøte i årets Romjulssprett også!

Jan Kåre Eide



Snakk med oss om din idé!
Etablerarrådgjeving og -kurs
Hoppid.no gründerstøtte

FJORDHAGEN

6210 Valldal Tlf. 48 99 54 60 – www.fjordhagen.com



**hoppid.no | eit samarbeid mellom Møre og Romsdal fylkeskommune,
Innovasjon Norge og kommunane.**





Aktivitetar på Muritunet

Offentleg bading:

Onsdag kl 17.45 – 20.15

Laurdag kl 15.00 – 17.30

Helsebading:

Onsdag kl 16.00 – 17.30

Laurdag kl 13.00 – 14.30



FJORDTRIM

WWW.FJORDTRIM.NO

Har du bruk for rekneskapstenester?

Vi kan tilby:

Rekneskap med løn,
fakturering og andre administrative rutinar

Eigarskifte – gode råd og alt «papirarbeidet»

Driftsplanar og økonomisk rettleiing

Vi har lang **erfaring og solid fagkunnskap**

og er ein **aktiv medhjelpar**
i lokal næringsutvikling



Norddal Rekneskapskontor AS

Pb 82 | 6211 Valldal | Tlf 47 69 04 00 | post@norddalrekneskap.no





Glimt fra idrettskulen hausten 2019. Foto: Merete Løvoll Rønneberg.



Basaren har alltid vore ei viktig inntektskjelde for EIL. Foto: Merete Løvoll Rønneberg.

Ansvarlege for årets IL-post

Redaksjonelt stoff: Merete L. Rønneberg

Annonser: Monika M. Aarset og Jon Kåre Løvoll.

Oppsett: Storfjordnytt | Trykk: Unitrykk



Dame- og herrefrisør Dameklær og vesker

Svitlana Maltseva

Tlf. 414 77 206

Lanas Salong
6215 Eidsdal

Storfjordnytt

Lokalavis for indre Sunnmøre | www.storfjordnytt.no



SIØLVDRYRKA - HANDLAGA - BEREKRAFTIG

Stolté Anton

EIT KORTREIST PRODUKT FRÅ EIDSDAL



Tillitsvalde i Eidsdal IL 2020

Desse vart valde til våre tillitsvalde på årsmøtet i mars 2019.
Funksjonstid i parentes.

Hovudstyret

Leiar:	Jon Kåre Løvoll (1) Attval
Nestleiar:	Monika M. Aarset (1 år att)
Kasserar:	Per Arne Løvoll (1, attval)
Vara:	Gunnar Inge Eide (1) <i>Vara vert innkalla fast til kvart møte</i>

Skigruppa (i funksjon frå 1/5-19)

Leiar:	Merete Løvoll Rønneberg (leiar 1 år)
Styremedl.:	Kristina Marie Løvoll (2, ny)
	Jan Trygve Veiberg (2, attval)
	Frode Rønneberg (1 år att)
	Sigurd Rønneberg (1 år att)

Friidrett- og trim gruppa

Leiar:	Tone Løvoll Kleiva (1 år)
Styremedl.:	Inger Anne Aarset (2, attval)
	Janne Stine Indreeide (2, attval)
	Terje Birkeland (1 år att)
	Torveig Klamdal (1 år att)

Sykkel- og volleyballgruppe

Leiar:	Jan Kåre Eide (1 år)
Styremedl.:	Merete Løvoll Rønneberg (2, attval)

Stein Ove Bjørge (1 år att)

Økonomigruppa

Leiar:	Caroline Bjerk Maurstad, (1 år)
Styremedl.:	Margreta Veiberg (2, attval)
	Siv Anita H. Storås (2, ny)
	Else Rønneberg (1 år att)

Valnemnd

Leiar	Tanja Mathiesen (1 år)
Medlem:	Per Andre Rønneberg (2)

Dag Arne Nydal (3)

Revisorar

Vara:	Jarle Skuseth (1 år)
	Egil Berge (1 år)
	1. Jan Olav Hesthaug
	2. Kjell Narve Indreeide



Foto:
Merete Løvoll Ronneberg



Vinnarlaget og «sølvlaget» på Romjulssprettens 2018 samla på eitt brett etter endt turnering i rom-jula. Foto: Merete Løvoll Rønneberg.



**SYSTEM-
ELECTRO**

elkonor
MEDLEM AV

Treng du elektriker?

Kontakt oss!

Tlf. 70 25 91 67 - postnorddal@sysel.no - www.sysel.no



Velkomne til **Romjulssprettens** laurdag 28. desember 2019

For fjerde år inviterer vi til uhøgtidleg trim i romjula! Fyrste del av dagen vert det fotballcup for 3.-7. klasse. Deretter held vi fram med venne- og grendecup i volleyball. Dette har vore vellukka sidan oppstarten, og vi vonar at mange lag vil melde seg på i år også!

Målsetjing med turneringa

Dette skal fyrst og fremst vere ei turnering utan topping av lag, og der vi prøver å inkludere, framfor å ekskludere. Sjølv om vi alle gjer vårt beste, og mange av oss har vinnarvilje så det held, er dette meint som uhøgtidleg konkurranse, eit høve til å treffe folk i jula, og moglegheit til litt mosjon mellom etargilda. 😊

Kl. 10–12 Fotballturnering med 3-ar lag for 3.-7. klassingar

- Mixlag. Vi spelar på 3-ar lag, men kan i tillegg ha 1-2 innbyttarar.
- Påmelding individuelt. Arrangør set opp lag. Påmelding til Merete innan kl. 20 kvelden før.
- Kampar på 5-10 minutt, alt etter talet på lag.
- Vanlege fotballreglar (innetfotball)
- Premie til alle straks turneringa er slutt
- Kr. 30 i deltakaravgift pr. person

Kl. 12–18 Volleyballturnering med 6-ar lag for 8. klassingar og oppover

- Mixlag. Så langt mogleg bør alle lag ha med spelarar av begge kjønn. Hovudpoenget er uansett at ein ikkje skal «toppe» lag. Vi oppmodar til vennelag, grendelag, familielag m.m. Gløym ikkje å inkludere yngre spelarar.
- Startkontingent kr. 30 pr spelar. Betalast ved frammøte.





Frå kampen mellom Øvre Eidsdal (tv) og eit av ungdomslaga frå Norddal.
Foto: Merete Løvoll Rønneberg.

TURNERINGSREGLEMENT VOLLEYBALL

Eit lag kan spele med så mange innbyttarar dei sjølve vil.

Ein spelar kan spele på max 2 lag, men dette skal då gå fram av spelaroversikta ved påmelding.

Dersom eit lag mistar spelarar undervegs i turneringa (skade el. anna), skal det vere høve til å setje inn andre spelarar, men ikkje på ein slik måte at spelarbytta bidreg til å styrke laget merkbart i høve til «startoppstillinga».

Endringar på lagoppsett skal godkjennast av arrangør (eigen jury).

Alle kampar går max 3x15 poengers sett. Men vi set eit tak på ca. 20 min. speletid (+5 min. «slingringsmonn»), elles kan tidsskjema sprekke totalt.

Det laget som ligg best an når tida er ute, vinn.

NB: Notere resultatet i setta – kan bli avgjerande! = beste «målforskjell»

Dommaren dømmer (bestemmer) – også når han dømmer feil!

Generelt følgjer vi spelereglane i volleyball. Merk då:

Alle ballar gjev poeng, ikkje berre sørv.

Ballen kan berøre nettet på sørv.

Det er lov å bruke alle delar av kroppen, men ballen skal slåast – ikkje førast eller kastast.

Max tre slag på ei side før ballen må over nettet. Men berøring i «blokk» tell ikkje som eit slag.

Det er lov å ta att ballen frå nettet innafor laget sine tre slag.

Vi dømmer på:

Sørvefeil (trakk på strek, feil ved oppkast av ball mm) (men bruk skjønn etter alder og ferdighet!). Viktig at unge spelarar får sjansen til å lukkast!

Nettberøring

Inntreden i «spelerommet» til det andre laget (over eller under nettet).

KÅRING AV VINNARAR

Ved rein serie: Laget som vinn flest kampar, vinn turneringa.

Dersom fleire lag har like mange sigrar i innleiane runder, vinn den som

Har vunne flest sett.

Har best «målforskjell» totalt sett.

Ein vandrepokal vert delt ut til vinnarlaget. Denne går «evig». Det følgjer med ein diplom der namna på vinnarane frå år til år vert ført opp. Pokal og diplom skal til vanleg stå på klubbhuset på Løvoll.





God innsats frå alle som var på bana under fotballturneringa i «Romjulssprett». Foto: Storfjordnytt.

Alt i byggevarer, jernvarer, maling, hus, hytte garasje m.m.



ByggTorget

Valldal Høvleri AS

Tlf. 70 25 85 80

post@v-h.no | www.v-h.no



SYSTEMHUS



Valldal
Stranda
Sjøholt

Tlf. 70 25 85 70



KÅRING AV FAIR PLAY-LAGET

Det vert delt ut ein eigen pris til det laget som utmerkar seg som fair play-lag.

Eigen jury bestemmer kven som får prisen. Dei kan òg velje å ikkje dele han ut.

Fleire forhold undervegs kan bidra i juryen si vurdering, men forhold som i utgangspunktet bør telje med er:

Lagoppsett

Inkludering og involvering undervegs

Opptreden i kampane (og utanom kampane)

KIOSKSAL

Vi vil ha enkelt kiosksal i hallen. Pølser med brød, brus og ev. litt anna.

PÅMELDING

Lag må meldast på til Merete Løvoll Rønneberg innan 27. desember kl. 20. Lagoppsett må følgje med påmeldinga. Mobil: 99 37 65 85

PREMIEUTDELING VOLLEYBALL

Premieutdeling i gymsalen umiddelbart etter at finalen er ferdig. Gje dykk tid til å sjå finalen og ver med å hylle verdige vinnarar og fair play vinnarar!

Vi håper mange vil vere med på ein kjekk aktivitetsdag i romjula!

**Volleyball- og sykkelgruppa v/Jan Kåre,
Merete og Stein Ove**

Din partner i landbruk og anlegg

Tlf. 70 25 96 50

svein@remseth-maskin.no

Valldalsvegen 69 6210 Valldal

REMSETH MASKIN AS

6210 Valldal • Tlf. 70 25 96 50 • www.remseth-maskin.no



Kjell Løvoll sitt minnerenn

Søndag 9. februar 2020

Kjell Løvoll var i si tid den suverent beste langrennsløparen på Sunnmøre. Åleine henta han heim 17 krinsmeisterskapar som junior- og seniorløpar, og han var sterkt delaktig i at EIL vann fem stafettmeisterskapar for seniorlag på krinsnivå. Dette var før det gjekk inflasjon i KM-distansar og stilartar.

Han vann Vestlandsmeisterskapen, og i sine beste renn yppa han seg med landseliten, m.a. på Skifestivalen på Geirangerfjellet på sommarsno. Det bør leggast til at langrennsparten på denne tida hadde langt større breidde og fleire deltakarar på krinsnivå enn vi har i dag.

Kjell var ein allsidig idrettsmann. Han var ein frykta konkurrent i terrengløp, også her med KM-titlar. I 1961 vann han klubbmeisterskapen i både langrenn, slalåm og hopp! I retteleg gamle dagar arrangerte nemleg idrettslaget meisterskap i alle tre greinene på same dagen! Sin siste klubbmeistertittel tok han 55 år gammal i 1981. Då slo han Frode Rønneberg med over 40 sekund. Året før vann han Norddalsmeisterskapen for siste gong, nesten 50 sekund framføre Odd Jarle Døving frå Valldal IL.

Kjell Løvoll fekk Norddal kommune sin kulturpris i 1995.

Det same året vart han utnemnd som den fyrste æresmedlemmen i EIL.

Kjell døydde av kreft i 1997, berre 60 år gammal.

Minnast med glede og aktivitet

Fleire har teke til orde for at EIL burde arrangert eit minnerenn for Kjell Løvoll, også folk utanfor EIL. Vi har tenkt på det før, men av ulike årsaker har det ikkje blitt. I 2020 er EIL 100 år. No er det på tide å realisere planane!

Kjell var ein fantastisk langrennsløpar, men han var òg eit naturmenneske som sette stor pris på turar til skogs og til fjells. I tillegg var han kjent som ein habil skribent lokalt, med evne til forme både kåseri, prologar og dikt – både med ein alvorleg og ein humoristisk undertone.

Eit minneløp for Kjell Løvoll vert difor ikkje eit tradisjonelt langrenn, berre for dei sprekaste -jagande etter den beste sluttida. Eit minneløp for Kjell skal vere for alle som er glade i skiidrett, i naturen og i å vere ute!



Sett av datoен

Skigruppa vil bruke litt tid til dei detaljerte planane. Vi har mange idear og tankar, men kanskje skal vi ikkje realisere alle ved dette høvet...

Det einaste sikre no er at:

- Det skal vere plass for alle dugleksnivå.
- Det skal vere eit ekte turrenn.
- Vi ynskjer å leggje til rette for litt utradisjonelle opplevingar og aktivitetar undervegs (i alle fall for turgårarane), og før og etter start.

Og så kryssar vi fingrane for at vi har nok snø, og at løypa kan leggast i Haugane og på bøane på Løvoll – Kjell sitt eige eldorado!

*Skigruppa
v/Merete Løvoll Rønneberg*



Kjell Løvoll køyde òg opp skiløyper i EIL. Foto: Storfjordnytt 1995.



Terminliste og annan informasjon Sesongen 2020

Tekst: Merete Løvoll Rønneberg

Telenor ENG-cup - Oversyn over renndatoar

S.29/12	13.00	EIL	1. Telenor/ENG-cup. 0-løp	Klassisk/fri
Ty. 14/1	18.00	EIL	2. Telenor/ENG-cup. Distanserenn m/natursti og ev. tilleggstid	Fri
L. 1/2	13.00	NIL	3. Telenor/ENG-cup. Distanserenn Sørsidemeisterskap	Klassisk
To. 20/2	18.00	EIL	4. Telenor/ENG-cup. Sprintrenn	Fristil
L. 7/3	13.00	NIL	5. Telenor/ENG-cup. Normal (kombi. sonerenn)	Klassisk
s. 22/3	13.00	EIL	6. Telenor/ENG-cup. Teamsprint m/trekte lag	Fristil

Andre klubbrenn

s. 9/2	13.00	EIL	Kjell Løvoll sitt minneløp. Ekte turløp med Program og overraskinger	Klassisk
s. 5/4	13.00	EIL	Kostymeskirenn	Fritt val
to.9/4	13.00	EIL	Lagsrennet. JUBILEUMSRENN – EIL 100 år Klubbmeisterskap. Merkerenn	Klassisk

På skirenn utan tidtaking

Vi ønskjer å få med flest mogleg på renna våre. Sjølvsagt er det høve til å gå utan tidtaking. Meld deg på og få eit startnummer. På ENG-cupen startar du når du vil og bestemmer sjølv kor langt du vil gå. Det viktigaste er å delta.

Påmelding- alle klubbrenn

Innan kvelden før rennet kl. 20.00 til

EIL: Merete Løvoll Rønneberg merete@verdsarvfjord.no Mobil: 99 37 65 85

NIL: Kari E.L. Dalhus keldalhus@hotmail.com Mobil: 454 80 634

Det er IKKJE ønskjeleg med påmelding på renndagen, og vi gjer merksam på at det ofte vil medføre lengre tid for å få avvikla rennet, særleg fordi vi ofte slit med å få nok funksjonærar. Men vi avviser ikkje deltagarar.





*Det var mange på start i det første Eng-Cup-rennet for sesongen 2019 på Løvoll.
Foto: Merete Løvoll Rønneberg.*

Startkontingent- Telenor ENG-cup

Einskildpersonar: Kr. 50,- pr. renn el. kr. 200,- for alle renna

Familiar: Kr. 170,- pr. renn el. kr. 500,- for alle renna

Merk at Sørsidemeisterskapen inngår i ENG-cupen, men her er det eigen startkontingent – som for klubbmeisterskap.

Premiering –Telenor ENG-cup

Deltakarpremie til alle. Ytterlegare premiering til alle med to renn eller meir. Premieutdeling på eige arrangement etter sesongen.

Startkontingentar andre klubbrenn:

Klubbmeisterskap EIL: Born kr. 70,- Vaksne kr. 80,- Familie kr. 250,-

Kostymeskirennet: Kr. 50,- pr. deltakar. Familie kr. 200,-



SONESKIRENN

Søndag	05.01.	Valldal IL	Langrennscross, fristil
Søndag	26.01	Stordal IL/Liabygda IL	Sprint, fristil (også SBM-cup)
Tysdag	04.02	Stordal IL/Liabygda IL	Langrennscross m/hopp. Fjellbakken, fristil
Søndag	16.02	Eidsdal IL	Teamsprint, langrennscross?, fristil
Søndag	07/3	Norddal IL	Normaldistanse, klassisk

Påmelding sonerenn

Før kl. 22 to dagar før rennet.

EIL: Merete Løvoll Rønneberg merete@verdsarvfjord.no Mobil: 99 37 65 85

NIL: Kari E.L. Dalhus keldalhus@hotmail.com Mobil: 454 80 634

Eidsdal IL og Norddal IL dekker startkontingeneten for sine løparar.

KRINSRENN OG TURRENN

Informasjon om slike renn finn du på www.skiforbundet.no – velg så Møre og Romsdal.

Merk kravet om startlisens! Vend deg til leiaren i skigruppa i din klubb dersom du treng informasjon om lisens. Påmelding gjer du sjølv – online.

Merete får tilsendt innbydingar til ein del skirenn, mest turrenn. Det vi vurderer som relevant vert vidaresendt på fellsmail til «ENG-familien». Om du ikkje får slike mailar, men ynskjer å få, så gje beskjed til merete@verdsarvfjord.no

Dei mest aktuelle krinsrenna og turrenna:

L. 04.01	Molde, SBM 4	Klassisk
L. 18.01	Osmarka, SBM 5	Fristil, fellesstart, normal
s. 26.01	Stordal, SBM 6	KM, sprint, fristil
s. 02.02	Valldal, SBM 7	Fristil, langrennscross
L. 08.02	Skardilten, Molde	Turrenn, klassisk, fri
S. 23.02	Isfjorden rundt, KM langdistanse	Turrenn, klassisk, fri
L. 29.02	Ørsta, KM normaldistanse + SBM 8	Klassisk
S. 08.03	Volda, KM sprint stafett	Fristil
S. 08.03	Osmarkrunden	Turrenn, klassisk
L. 14.03	Fannefjellsløpet, Skaret-Hjelset	Turrenn, klassisk
S. 14.03	Ungdomsbirken	Klassisk
L. 21.03	Birkebeinerrennet	Klassisk



LØYPEKØYRING-SKITREKK M.M.

Eidsdal IL: Løvoll.

Desse kører løyper i år:

Frode: 95813828

Gunnar Helge: 91347383

Eldar: 45225767

I tillegg har vi fått inn Karl Oskar Indreeide og Sigurd Rønneberg som «aspirantar». Vi vonar dei med tida vert strålande løypekøyrarar for oss!

Så langt det er mogleg, prøver vi å ha løypene klare slik:

Tysdagar og torsdagar: Løypene klare til **kl. 18.00**. Tidlegare v/stabile forhold

Andre dagar: Løypene klare til **kl. 12.00**

Det vert i hovudregelen IKKJE køyrt løyper på måndagar, men løypekøyrarane gjer sjølvstendige vurderingar dersom forholda ligg til rette.
Det vert køyrt løyper andre stader i bygda etter snøforhold og kapasitet.

Norddal IL: Kontaktperson: Arve Bjørneberg tlf.46 42 30 69

Løypene til Rellingsetra og på Lilleåsen klare til **kl. 11.00** laurdag og søndag.

I vekene vert det køyrt etter behov, så langt ein har kapasitet.

Oppkøyring av løyper nede i bygda, med snøscooter tidleg i sesongen, om mulig.

Skitrekket på Lilleås ope **søndagar 12-16** så snart forholda tillet det. Elles kan det òg vere ope vekedagar i feriar etter forhold og kapasitet. Skihytta vert open tilsvarende. Informasjon vert lagt ut på Facebook.

Geiranger IL: Kontaktpersonar:

Terje Rusten: 917 61 824

Rune Maråk: 417 80 070

Løyper vert køyrt på Korsmyra/Hausetsetra/Gråsteindalen etter forhold og kapasitet. I hovudregelen kører ein løyper i helga. Sjekk facebooksida «Skiløyper i Geiranger». Når det er gode forhold på Løvoll, vert det køyrt mindre på Korsmyra.

**Nasjonalforeningen
for folkehelsen**



**Eidsdal
helselag**





Frisk innspurt frå Inga Oline Rønneberg i lagsrennet 2019. Foto: Merete Løvoll Rønneberg.

SKILEIK OG SKITRENING PÅ LØVOLL

Tysdagar: Skitrening: 3. kl. og eldre kl. 18.00-19.30 Ansvar: Merete, Jon Kåre

Torsdag: Skileik 1.-4. klasse kl. 18.00-19.00 Ansvar: Merete

Skitrening 5. kl. og eldre kl. 18.00-19.30 Ansvar: Jon Kåre, Frode

SKIKAFE PÅ KLUBBHUSET

Torsdagane har vi open skikafe på klubhuset frå kl. 19 til ca. kl. 21. Er der ikkje folk, stenger vi dørene før. Men vi oppmodar folk til å komme. Rusle ein tur i lysløypa, eller ein tur på vegen. Ta med strikketøyet. Gje deg tid. Snakk med bygdefolket. Kjøp deg ein kaffikopp eller ei vafle.

Skikafeen er fyrst og fremst ein **MØTEPlass** for bygdefolket, og vi treng kvarandre.

SKITRIM på torsdagskvelden

Anten du er med på organisert trening, eller berre vil gå ein tur for deg sjølv, kan du registrere deg i **SKITRIMBOKA** på klubhuset. For kvar halvtime du er aktivitet, kan du notere deg for eitt lodd, men maksimalt 3 lodd pr. torsdagskveld. Alternativt kan du notere eitt lodd pr. runde du går i lysløypa i Haugane, men også der maksimalt tre lodd kvar torsdagskveld.

Vi trekker nokre gåvepremiar mellom alle som har delteke når skisesongen er slutt.





Frå lagsrennet 2019. Foto: Merete Løvoll Rønneberg.

STIKK UT – SKI

Ordninga med Stikk ut ski held fram også i år. Møre og Romsdal skikrets står for dette i samarbeid med klubbane og Friluftsrådet, etter same mønster som på barmark. I bygdene våre har vi desse postane:

Eidsdal IL: I lysløypa: Post plassert på toppen av motbakke fremst i Hauane.

Norddal IL: Post plassert ved skihytta på Rellingsætra

Geiranger IL: Post plassert på Haugsetsætra

Postane skal stå ute frå desember, men ikkje før det vert snø.

Premieutdeling for ENG-cupen 2010

Dei siste åra har vi hatt premieutdeling for **ENG-cupen** – både ski og friidrett, på Hotel Union i desember. Sjølv om vi har lokka med bading, har ikkje fram-møtet vore imponerande. Dermed vert det ekstra arbeid med å få premiane utover til dei som skal ha dei.

I år prøver vi oss difor med ein ny variant: Premieutdelinga vert lagt til **NISSE-RENNET** i romjula. Dermed satsar vi på å avslutte ein sesong og starte ein ny i eitt og same arrangement.

Rennet fell i år på ein søndag, så vi håper å sjå mange på startstreken: det vert 0-løp, og dermed like store sjansar for å vinne, for her gjeld det å gå to rundar i så lik fart som mogleg.



Bli medlem i Eidsdal IL

Frivillige lag og organisasjonar er «limet» i lokalsamfunnet

Tekst: Merete Løvoll Rønneberg

På bygda kan vi stort sett ikkje kjøpe oss idretts- og kulturopplevingar. Vi må skape dei sjølve. Korleis ville det vere å bu i Eidsdal utan korps, utan Røde Kors, utan merkte og rydda turstiar, oppkøyrd skiløyper og trimtilbod for store og små? -Eller utan alle dei andre frivillige laga våre som alle har gode tilbod som er viktige for mange av oss?

Dersom du er av dei som berre dreg på skuldrene og stort sett «shoppar» tilboda dine utanfor bygda, anten det er i Ålesund, Oslo eller i andre stader, bidreg du til å utarme vårt eige idretts- og kulturtilbod. Det gjer det mindre attraktivt å bu her!

Dei fleste av oss ønskjer seg ei levande bygd. Varierte tilbod. Møteplassar utan for mykje organisering. Nærleik til naboen og bygdefolket. Kjensla av at vi er EI bygd, at den einskilde av oss betyr noko her, at vi ikkje forsvinn i mengda utan at nokon bryr seg. At vi kan skape noko i fellesskap. Lukkast saman.

Det er dette som er bygda sine kvalitetar. Dette som gjer at det er godt å bu her.

Det frivillige er nøkkelen til å få til mykje av dette. Det er gjennom arbeidet i frivillige organisasjonar vi møtast. Der er alle velkomne. Det er ingen vennegjenigar eller lukka lag for berre utvalde. Difor er det så viktig å ta vare på frivilligheita. Å ta vare på korps, idrettslag, helselag og alle dei andre. Men no er det frivillige under press, også i vår bygd.

Visst minkar folketalet. Likevel ser vi potensialet for å få med fleire. Men då må du som ikkje er med på så mykje engasjere deg. Kanskje er du av dei som etterlyser fleire tilbod? Kva bidreg **du** med?

I idrettslaget er vi ikkje ute etter å presse folk inn i verv og dunge på deg oppgåver. Men vi ønskjer å ha deg med som medlem. Vi ønskjer at du kan vere med i ei gruppe. Ta din tørn. At fleire skal ha eigarskap til idrettslaget. Få kunnskap om oppgåvene i laget. Leggje eit grunnlag for kanskje å ta større ansvar ein dag? Mange av





Råsrydding til Ultraløpet mellom Norddal og Geiranger. Foto: Merete Løvoll Rønneberg.

oss som sit i sentrale verv har vore med svært lenge. Kva skjer den dagen fleire av oss seier at «nok er nok»?

-Vert det dine born, eller du, som står utan viktige aktivitetstilbod då? Betyr det noko?

Nyttar du og dine tilboda i EIL?

Er du klar over at dersom du budde i byen eller tettbygde strok, måtte du ha betalt både vesentleg dyrare medlemsskap og treningsavgifter for kvar idrett du/barnet ditt var med på? I EIL finst det ingen treningsavgifter, og medlemskontingennten er så låg som vi har lov til å ha han (regelverket i Norges Idrettsforbund).

Vi meiner det er eit minimumskrav at ALLE som nyttar seg av EIL sine tilbod, er medlem i laget, eller i Norddal IL eller Geiranger IL! Sidan vi har godt samarbeid med naboklubbane i Norddal og Geiranger, og driv fleire tilbod saman, er vårt soleklare «krav» at du er medlem i minst ein av klubbane i bygdene våre. For dei fleste vil det vere naturleg å vere medlem i idrettslaget i den bygda der dei bur.

I år har vi ikkje lukkast med å skaffe trenarar til alle idrettstilboda vi normalt har for born og unge. Når folk brukar fleire timer kvar veke på dugnad anten som trenarar, løypekøyrarar eller i styre og stell, synest vi det er lite å forvente at alle som brukar tilboda er medlem i eit av idrettslaga i Eidsdal, Norddal eller Geiranger.

Sjølv sagt skulle vi også ynskje at fleire bygdefolk var medlemmer. Det kostar lite, men betyr mykje å ha den støtta frå bygda!



Fjordbuda Geiranger

Sport og friidretts utstyr.
Joggesko og fjellsko m.m.



Kom innom for ein god handel!

6216 Geiranger | Tlf. 92 23 08 63

Velkomen til Norsk Fjordsenter

– autorisert besøksenter for verdsarven Vestnorsk fjordlandskap



**Geirangerfjorden
verdsarv**

www.fjordsenter.com



Kva bidreg Eidsdal IL med i bygda vår?

- Oppkøyrd langrennsløyper og preparert skileikbakke om vinteren.
- Lysløype for fri bruk – heile året. Alle kan slå på lyset og bruke traseen, når som helst på døgnet.
- Rydding av turråser, merking og skilting.
- Gratis utlån av skøyteski til born t.o.m. 12 år.
- Organisering av fjelltrim, med turkasser og bøker.
- Organisert skileik og skitreningars.
- Idrettsskule med allsidig aktivitet og trim for born 1.-7. klasse.
- Ungdomstrim for 8.-10. kl. (ikkje i haust).
- Måndagstrim – lågterskel trimtilbod for alle frå 16 år og eldre.
- Fredagstrim – fellestrenings for alle frå ungdomsskulealder til 60+ i gymsalen.
- Idrettsanlegget i Langereiten.
- Gamma i Haugane. Open for alle.
- Klubbhus med skikafé + mogleg å leige til ulike arrangement.
- Arrangerer fleire skirenn årleg, kostymerenn, lagsrenn m.m.
- Skimerketaking og idrettsmerketaking.
- Arrangerer ulike friidrettsstemne for born.
- Samarbeider med GIL om «Geiranger frå fjord til fjell».
- Fellesturar i fjellet om sommaren.
- Romjulssprettens: Fotball- og volleyballturnering.
- Vedlikehald og utvikling av idrettsanlegg.

Lista er neppe komplett. Noko varierer frå år til år.

MEDLEMSSKAP I EIDSDAL IDROTTSLAG



Medlemskontingent frå 2020:

kr. 100 pr. person, uavhengig av alder.

Du melder deg inn i EIL ved å betale rett beløp til konto nr. 4020.30.17164

Før på namn og fødselsår på alle du betaler for.

Denne informasjonen kan òg sendast på e-post eller i post til:

Per Arne Løvoll, peral@online.no

Kleivavegen 192, 6215 Eidsdal

Heidersprisen 2019

Tekst: Merete Løvoll Rønneberg

På årsmøtet i 2019 vart ein av veteranane i idrettslaget heidra med ein av dei gjevaste prisane i EIL: Frode Rønneberg vart tildelt Heidersprisen.

I styret si grunngjeving heiter det:

Styret i Eidsdal IL har vedteke at Heidersprisen for 2019 skal delast ut til ein person som i mange år har vore tillitsvalt i laget, og som har gjort ein god innsats med tilrettelegging for fysisk aktivitet.

Årets heidersprisvinnar må tvillaus reknast med mellom laget sine trufaste eldsjeler. Vedkomande møter jamt på dugnader og har site både i hovudstyret, skigruppa, friidrettsgruppa og den gongs fotballgruppe. Samla sett har han òg 16 år i ulike leiarverv for laget og om lag eit kvart hundre år som tillitsvalt, alt i alt. Han steppar inn som trenar når det trengst, men der han kanskje har lagt ned den største innsatsen, er som løypekøyrar for laget. Også her har han no mange år i førarsetet.

Eidsdal IL er svært takksame for den innsatsen årets heidersprisvinnar har lagt ned, og vonar engasjementet og innsatsviljen vil halde seg i mange år enno!

*Heidersprisen for 2019 går til Frode Rønneberg
For svært mange år som tillitsvalt og løypekøyrar, og for stor arbeidsinnsats for klubben.*

Frode har blitt ei av dei berande kreftene i klubben vår. Vi kjenner han som ei småålåten kar, stort sett med ein frisk replikk, og full av små og store peik som vi andre kan bli råka av når han finn det for godt. Men han er òg ein av dei vi alltid kan stole på stiller opp. Også komande sesong har han tatt på seg oppkjøring av langrennsløyper, og eg satsar på at han kan stille som trenar dersom det vert full skjering ein og annan gongen for Jon Kåre eller meg. Elles er han god å ha i skigruppa også.





Frode Rønneberg fikk Heidersprisen 2019 av leieren i laget, Jon Kåre Løvoll.
Foto: Merete Løvoll Rønneberg.

Så kan ein vel alltid seie at Frode er ein av dei som nyt godt av tilboda i laget sjølv. Han er av dei som nyttar langrennsløypene mest, og han er trufast både på måndagstrim og fredagstrim. Men aktiviteten er grunnlaget i klubben, og det er folka som er der som skaper miljøet! Slik er ikkje Frode berre ein nytar, men òg ein ytar. Sjølv om det ikkje alltid er like lett å forstå når Frode kører ein spøk og når han meiner alvor, har han i alle fall greidd å formidle kor viktig han synest det er med idrett: «Vi har berre ein kropp, og den må vi ta vare på!»

Dermed spenner han på seg skia og legg opp formtoppen til lagsrennet i påska. Toppforma er godt inne når lamminga byrjar i april, og så prøver han å halde flyten til Nibberittet i juni. Etter ein sommar der det går litt opp og ned, alt etter mengda med gardsarbeid om omfanget av turistskyssing, er han den fyrste til å mase om oppstart på trimmen om hausten! No byrjar han også å få taket på volleyballen, så kanskje greier laget hans endeleg å gå til topps i Romjulssprettet i jula?





Løparen frå indre fjordstrok dominerte stort i kretsen på 1990-talet. Foto frå Storfjordnytt sitt arkiv.

Storfjordlangrenn

- ein milepel i langrennssporten på indre Sunnmøre

av Asbjørn Eide

Som ein av dei som var med på oppstarten, har eg blitt beden om å ta for meg litt om Storfjordlangrenn og den rolla det har spelt i utviklinga av langrennssporten på indre Sunnmøre.

I utgangspunktet vel eg å sitere det Reidar Bjørstad har skrive om oppstarten i den blodferske jubileumsboka til Valldal IL:

På slutten av 1980-talet dukka det opp fleire regionale treningsgrupper for langrenn i Møre og Romsdal. Ei av dei kalla seg Sunnmørslangrenn og var eit tilbod til løparar frå midtre og ytre del av Sunnmøre. Namnet og det faktum at løparar frå indre strok ikkje var invitert til å delta, vart oppfatta som provoserande av skifolket i indre strok. Dette saman med eit reelt behov, ført til at Asbjørn Eide, etter oppmading, sende eit



utførleg notat til idrettslaga i Norddal, Stranda og Stordal datert 26. mars 1989. Han skisserte behov og moglegheiter for å starte ei regional treningsgruppe i dette området og inviterte det enkelte idrettslag til å vurdere deltaking i ein slik overbygningsklubb. Behovet for eit slikt samarbeid var skissert i 4 punkt: 1. Mangel på og kostnad med kvalifisert trenar. 2. Finansiering av den øvrige drifta var lettare i eit større nedslagsfelt. 3. Skape eit attraktivt miljø for ei aldersgruppe som var prega av fråfall. 4. Etablering av overbygningsklubbar var en tendens i tida og var nødvendig også for å kunne stille eit visst støtteapparat under konkurransar.

Dei aktuelle idrettslaga let seg ikkje be to gongar og alt til sesongen 1989-90 var Storfjordlangrenn eit faktum. Styret dei første åra bestod av Asbjørn Eide EIL som naturleg leiar, Torleiv Westerås SIL nestleiar, Arne Huse LIL administrativ leiar, Reidar Bjørstad VIL kasserar/økonomiansvarleg. Storfjordlangrenn vart ein suksess, ikkje minst takka vere Merete Løvoll som straks vart tilsett som inspirerande og godt kvalifisert trenar. Drifta vart finansiert gjennom eigenbetaling frå løparane, betaling pr. løpar frå idrettslaga, sponsorinntekter og lotteri. Det var skiinteressert ungdom frå 13 årsalder og oppover som fekk dette tilbodet. Resultata som vart oppnådd vil vel aldri bli gløymt av dei skiinteresserte i indre strok.

Vidare nemner den gode Reidar generelt alle dei gode prestasjonane til løparar frå Valldal IL som medlemmer av Storfjordlangrenn, og skisserer utviklinga til gruppa fram til i dag. Også Eidsdal IL fekk fram løparar heilt i norgestoppen, utan at eg skal nemne namn her. Men det kan ikkje stikkast under stol at utover i 90-åra fekk løparane frå Storfjordlangrenn ei dominerande rolle i Møre og Romsdal Skikrets, og meir enn nokon andre bidrog dei til at kretsen i nokre år fekk ei leiande rolle på landsbasis både i klassene 14-15 år og junior, med mange sigrar og gode plasseringar både i hovudlandsrenn, junior-NM og norgescup.

Kvífor vart Storfjordlangrenn ein slik suksess? I dei fleste idrettar slit ein med stort fråfall når dei aktive når 13-14-15 årsalder. Ein hovudgrunn er at kameratar fell



Merete Løvoll var den fyrste trenaren i Storfjordlangrenn. Foto: Storfjordnytt.

ifrå, og det skal sterkt motivasjon til at unge i den alderen held fram som einsame ulvar. Skal ein hindre ei slik utvikling, er det naudsynt å skape eit miljø der ungdommen trivst betre enn i konkurrerande miljø. Storfjordlangrenn vart eit slikt miljø. Gruppa trekte til seg løparar som elles kanskje hadde blitt åleine i heimeklubben og som dermed hadde slutta.

Og når Storfjordlangrenn vart ein slik suksess og framleis er oppegåande, var det kanskje miljøfaktoren meir enn alt anna som var tunga på vektskåla. Rett nok skal ein ikkje underslå at det var massevis av gode idrettsgenar innblanda, og at foreldra var svært flinke til å støtte opp. Framifrå trenarar, først og fremst Merete, og gode treningsopplegg gjorde også sitt. Men mi tru er at den viktigaste faktoren er det gode samhaldet som vart skapt på treningssamlingar rundt om i bygdene og f. eks. på Oppdal eller på hytta Fjellro i Skjåk – og for all del den felles identiteten som vaks seg fram på tallause skirenn både på krets- og landsplan. Og det er neppe mange som vil protestere på at Merete var krumtappen også her.

Som sagt, Storfjordlangrenn eksisterer framleis, og eg siterer igjen Reidar Bjørstad:

Storfjordlangrenn sitt geografiske nedslagsfelt er no utvida til å omfatte alle idrettslaga sør for Romsdalsfjorden. Dette er no den einaste regionale treningsgruppa som framleis fungerer. Valldal idrettslag har i jubileumsåret 7 løparar i Storfjordlangrenn. Dei andre løparane kjem frå Stordal, Stranda, Emblem, Hovdebygda, Tomrefjord, Åndalsnes og Vistdal. Det er 30 år sidan idrettslaga på indre Sunnmøre tok dei nødvendige beslutningar, og den regionale treningsgruppa fungerer framleis godt.

Men frå Eidsdal IL er ingen lenger med. Eg kunne ha fundert mykje over det, men det er ei heilt anna historie...



HOTELL GEIRANGER

Tlf: +47 70 26 30 05

booking@hotel-geiranger.no

Hotell Geiranger, 6216 Geiranger




Kom i lag dag på skeiser på Kilstivatnet

Når skeiseisen legg seg, gjeld det å nøyte han før han forsvinn! Det tenkte i alle fall vi då vi spontant inviterte til kom-i-lag-dag på skeiseisen på Kilstivatnet i november. Det vart ein strålende dag i solskin og fin vintertemperatur på isen. Kring 100 små og store var innom. Spontan aktivitet. God prat og kjekt samvere. Enkelt og greitt.



Alle foto: Merete Løvoll Rønneberg.



Lokal bank.
ENGASJERT BANK.
Sparebanken Møre.

